



-Frå mythos til logos-

med elevar frå Randaberg vidaregåande skole
Eit tverrfagleg forskningsprosjekt for faga
norsk og sosiologi /sosialantropologi

Lærarrapport, Holbergprisen i skolen
Linda Romøren

Innholdsfortegnelse

FORORD.....	3
Mi personlege og faglege tilnærming	3
EI TVERRFAGLEG GLEDE	3
Å få elevane med på ei reise frå mythos til logos.....	4
VAL AV TEMA OG METODE: Kvalitativ tilnærming	4
INSPIRASJONSDEL : Frå «sant» til interessant (interesse - sant.....)	5
FORPROSJEKTET	6
MINIFELTARBEID – Kjøkkultur i kantina	6
Planlegging av mini-feltarbeid.....	7
Sjølve feltarbeidet	7
Alle måtte observera minst 15 minuttar, samt ta feltnotatar med	7
Produksjon og tolkning av data	7
Byrjande analyse	8
TEORETISKE UTFORDRINGAR: Korleis læra mest mogeleg teori - fort?!.....	9
Kartlegging av «teoribehov»	9
EVALUERING – lærar og elev	11
TILBAKEFØRING AV «FUNN» TIL INFORMANTANE	11
ETTETANKAR	11
AVSLUTNING og TAKK	12
Litteraturliste.....	12
Oversikt vedlegg.....	13
<i>Verden blir ny</i>	13

FORORD

Mi personlege og faglege tilnærming

Grunngjevinga for å ta med elevane på denne faglege utfordringa, låg framfor alt i mi personlege tilnærming til faget sosiologi og sosialantropologi. Fyrste gongen eg opna sosiologiboka slo det meg at det vert heilt riv ruskande gale å sitta i eit klasserom å lesa om korleis ein skal forska på samfunnet der ute – ein må ut å gjera det! Det er det no nokre år sidan at eg bestemte meg for, og dette er fjerde året eg køyrrer eit større forskningsprosjekt med elevane i dette faget. Mitt utgangspunkt er framfor alt at den empiriskbaserte tankegangen med tilhøyrande analyse festa i det sosiologiske/ antropologiske omgrepsapparatet ikkje skal avgrensast til einskildtimar, men gjennomsyra læringa i faget.

Eg er sjølv sosialantropolog med noko erfaring frå tidlegare forskningsarbeid. På byrjinga av 90-talet sprang eg i snødrevet i Lofoten og skulle finna ut kvifor ei bygd klara seg gjennom fiskerikrisa den gong, og ei ikkje. Prosjektet var finansiert av Fiskeriforskningsrådet og del av eit stort internasjonalt forskningsprosjekt. Erfaringane og gleda over dei spennande faglege utfordringane eg der fekk oppleva, har eg freista å ta med meg inn i undervisninga.

Elevane fekk velga tema sjølve og prosjekta vi sender vidare til finalen har fylgjande titlar: 1) «Kan vi snakke om en egen «norsk» kafekultur?» 2) «Variasjon i publikumsadferd» og 3) «Venteromskultur.» Klassen hadde til saman seks ulike tema, dei andre skal presenterast nedanfor. No i ettertid tenker eg at skal eg gjera dette aleina så grundig igjen, så vil eg ha eit felles tema for alle gruppene, sjølv om det vert sagt at elevane er mest motiverte om dei får velga sjølve. Ja, slik er det nok i den ideelle verda. Mi erfaring er at om dei no vel tema sjølve, så er valet alltid eit slags kompromiss innad i gruppa og alle er vel likevel ikkje alltid like motiverte. I tillegg kjem dette at grundig oppfølging frå lærarar er avgjerande om prosjektet skal verta ei meistringsoppleving for elevane – og for ein aleina å følga opp seks tema og 26 elevar grundig, er svært krevjande. Men konkurranseforma har motivert elevane på ein måte som er svært verdifull, så dette ynskjer vi gjerne å delta i igjen!

EI TVERRFAGLEG GLEDE

Prosjektet vårt var tverrfagleg og omfatta faget sosiologi/sosialantropologi og norsk i 2. vgs. studiespesialiserande. I tillegg til å dekkja mange av kompetansemåla i norsk (sjå vedlegg 1), var også tanken at ikkje berre kompetansemåla under bolken «Samfunnsvitenskaplege tenkemåtar» skulle dekkast, men også minst to av dei andre områda med kompetansemål i faget: Kulturforståing, sosialisering, produksjon og arbeid og fordeling av goder. På dette viset kunne vi

forsvara ein meir omfattande tidsbruk enn det som gjerne er vanleg for slike prosjekt. Forskningsprosjektet vart meir ei tilnærming til heile faget, i tillegg til å vera eit eige «prosjekt».

Å få elevane med på ei reise frå mythos til logos

Før-kunnskapen er mytisk. Når vi ikkje veit, lagar vi oss myter, forestillingar, stereotypiar og eventyr. I kunnskapstomme rom er det plass til så mykje, også fordommar. Med dei fyrste filosofane går mennesket frå mythos til logos – frå mytisk til logisk tenking, og « ...bryt både med mytologisk tradisjon og med kortsynt binding til dei umiddelbare sanseintrykka» (Skirbekk, 1972: 26). Når vi *veit* kan vi ved hjelp av logisk resonnement og erverva kunnskap nærma oss 'sanninga' eller 'sanningar' om mennesket i samfunnet. Eit samfunn i rask endring og ei verkelegheit med mange 'sanningar' som er gyldige samstundes, *krev autonome individ med evne til sjølvstendig vurdering og refleksjon*. Dette har skolen gjennom Læringsplakaten forplikta seg til å læra elevane opp i (Møller og Sundli, 2007: 115). Læringsforma som dette prosjektet opna opp for er difor svært verdifull.

Kunnskap i vårt omskiftelege samfunn vert ikkje lenger oppfatta så statisk som under tidlegare kunnskapstradisjonar. Lærarar i skolen i dag tilkjenner seg stort sett eit konstruktivistisk kunnskapssyn, slik Kunnskapsløftet krev av oss: kunnskap sett som kontekstavhengig og foranderleg. Likevel er det få som evnar å la dette kunnskaps- og læringssynet få konsekvensar for måten undervisning, veiledning og vurdering er bygd opp på. Mykje av undervisninga skjer etter reproduksjonsmodellen og er ikkje da heilt i tråd med Kunnskapsløftet om å gje elevane kompetanse i sjølv å søkja og vinna ny kunnskap.

Prosjekt som dette krev ei tilnærming til undervisninga som i større grad ivaretek dette kunnskaps- og læringssynet. Difor vil eg foreslå for andre at forskningsprosjektet er ein integrert del av undervisninga i sosiologifaget gjennom *heile* skoleåret og ikkje avgrensa til øremerka timar. Elevane har større utbytte av å læra ved å observera og reflektera over dei ulike sosiologiske emnene i faget enn ved å reprodusera læreboka. I år var dette eit samarbeidsprosjekt med faget norsk (sjå vedlegg 1) i større grad enn tidlegare, noko eg sterkt anbefalar. Da vert det betre tid til nødvendig refleksjon og språkleg samt strukturell bearbeiding av tekstane.

VAL AV TEMA OG METODE: Kvalitativ tilnærming

Tema for prosjekta fann elevane sjølve, men med nokre klare føringa: Eg ville dei skulle ut av klasserommet, ut i feltet. Ikkje noko «ethnography» her, dvs. ikkje berre i alle fall! ¹ Da gir

¹ Ehn og Löfgren, 2012:25.

metodikken seg sjølv: observasjon og deltakande observasjon skulle skaffe dei samhandlingsdata, intervju og samtalar skulle gjie dei informantar som kunne fortelja om intensjonane ved det dei hadde observert. Eg formidla Cato Wadels råd eg sjølv fekk på veg ut i feltarbeidet i Lofoten: Sjå på kva dei *gjer*, samanlikn med kva dei *seier at dei gjer* – og stemmer det ikkje, sjå igjen på kva dei gjer, det er det som er «sant»! Men det er og alltid ein grunn til at folk seier som dei seier... Dei fekk av omsyn til tidsrammer råd om å velga eit tema der dei alt hadde adgang til feltet. Praktiske diskusjonar som gruppesamarbeid, feltarbeid med rullestol osv. måtte avklarast. «Kvar har eg lett adgang» vart sett litt i perspektiv for eleven med rullestol. Han løyste dette elegant med å velga venteromskultur som tema, eit spennande val vi har hatt mykje glede av å følga. Ei gruppe valgte kafekultur, to grupper valgte treningskultur og kroppspress fordi dette var noko dei sjøve var opptekne av, ei gruppe valgte klasseleing med tittelen «Den kjedelege skoletimen», og to ivrige konsert- og teatergjengarar valgte «publikumsadferd» som tema. Eit relativt sprikande temavalg, men som skulle visa seg å ha overraskande mykje sams likevel.

INSPIRASJONSDEL : Frå «sant» til interessant (interesse - sant.....)

Inspirasjonsdelen som omfatta tre norsktimar og fire samfunnsfagstimar i september/oktober , var meint som ein motiverande prosjektstart utover det læreboka kan gjie. Eg ville gjennom antropologisk film² og klassesamtalen vi kalla «*Ikkje sant men interessant*», som tok utgangspunkt i a) utdrag frå Nessa si bok «Medisin og eksistens» (Nessa 2003: 28), b) novella «Jernrøret» av Klaus Hagerup (1966), og c) eit elevstyrt rollespel basert på Calli Thaugland skodespel « Galileo Galilie – geni og kjetter» (1981), føra elevane inn i tankegangen bak det konstruktivistiske kunnskapsbegrepet: kunnskap og ‘sanning’ som noko mangetydig og kontekstuel. Vi såg også i september teatertykket *Shock headed Peter* ved Rogaland teater, der vi studerte stykket sin bruk av det Goffmann kallar «*backstage*» og «*onstage*» som dramaturgisk verkemiddel og som ei innføring til Goffmann sin rolleteori og dramaturgiske modell for sosiologisk forståing av samspel i kvardagen. Når skodespelarane vel å ta med seg stativet med dei ulike kostymene til stykket inn som del av synlege rekvisittar på scena – kva effekt har dette? Opphever dei da skiljet mellom *onstage* og *offstage*, og kva gjer det med handlinga? Ville dei tematisera teateret som bi-verkelegheit, eller symbolisera ei verd der alle er «på» heile tida? Må vi ikkje somme tider få vera «av» og *backstage*? Eg ville ha elevane med på at slike «sceneskifter» eller omkodingar av sosiale situasjonar umerkeleg foregår framom augene våre i kvardagen, og eg ville dei skulle skjerpa blikket for dette « rollespelet» som omgir dei konstant. Denne erfaringa kunne dei ta med seg inn i prosjekta sine:

² Sjå Frode Storås sin antropologiske film «Regnmakerne» sjå <https://tv.nrk.no/serie/kunnskapskanalen/MDFP17001713/21-09-2013>

Når ungdom trenar på treningssenter, er dei da kanskje *backstage* saman med dei andre som trenar og førebur sin *onstage*-opptreden på stranda til sommaren, eller er dei *onstage* og regisserer seg sjølve gjennom kroppslig «fasadearbeid» meint for å imponera dei andre på treningssenteret? Kva med busspassasjerane i bussen, eller dei ventande på venterommet? Kva har det å seia for dei at dei ikkje har noko baksideområde dei kan kvila i? På kva scene sit kafegjesten?

FORPROSJEKTET

For å få ei viss forståing for observasjon og deltakande observasjon, øvde vi på mini-feltarbeid med tema «Køkultur i kantina» på skolen, samstundes som vi har gjennomgått kap. 1 – 6 i læreboka i sosiologi/sosialantropologi og henta inn relevante tema i norsk: sakstekst, rapportskriving og ymse skjønnlitterære tekstar. Elevane har øvd på observasjon og deltakande observasjon, begrepsfesting av data, kategorisering av 'funn', adgangsproblematikk og byrjande refleksjon over forskningsetiske problemstillingar. Den forskningsetiske refleksjonen har vi lagt opp som eit «*Forskningsetisk seminar*» som endar opp i ein *kontrakt* mellom lærar og elev. Etter ein idé henta frå Anne Karen Bjelland, UiB, vart deler av denne forskningsetiske refleksjonen lagt opp med utgangspunkt i eit utval strofer henta frå *Håvamål* (Vedlegg 3). Vi køyrde her rundar med refleksjonskort på ulike bord som elevane sirkulerte mellom. Det vart fleire slike refleksjonsrundar etter kvart som elevane fekk meir erfaringar frå møter med feltet og informantane. I norsktimane tok vi på liknande vis utgangspunkt i eit utval dikt og tekstar egna for dette³ og vektla øvingar i *gruppeprosessar*. Elevane fekk øva på ulike intervjuteknikkar gjennom *dramaøvingar* i faga norsk og sosiologi, og gjennom at vi intervjuar vår felles nøkkelinformant, «Lilly», i klasserommet. Lilly er frå Chile og kunne bidra med informasjon om både buss-, kafe- og venteromskultur frå eit bysamfunn særst ulikt vårt eige. Ho stilte velvillig opp så elevane fekk øvd på den vanskelege teknikken å stilla oppfølgingsspørsmål for å koma i djupna av eit samtaletema.

MINIFELTARBEID – Køkultur i kantina

Førebuingane i klassen tok ei veke og inneheldt ei innføring i viktige metodiske nøkkelomgrep og metodiske teknikkar. Elevane fekk ikkje «overlevert» desse omgrepa som ferdig lærdom, men måtte koma fram til desse sjølve. Elevane teikna tankekart, fyrst i grupper, så i fellesskap, over kva køkultur kunne vera. Dei grupperte «funna» sine i observerbare og ikkje-observerbare karakteristika, og måtte så tenka igjennom korleis dei kunne innhenta denne

³ Mange gode forslag er å finna i Nordtevd, 1984. Sjå også Patton 1990.

informasjonen (val av metode). Karakteristika elevane fann gjennom egne observasjonar vart så grupperte etter kategoriar dei sjølve foreslo og måtte definera:

Planlgging av mini-feltarbeid

Innspel frå læraren	Oppsummering av tankekart frå gruppene
<i>Kva er køkultur? Lag eit tankekart over kva køkultur kan vera. Finn definisjon på kultur!</i>	<i>Hypotesedanning/karakteristika: Vi tenker på bakgrunn av eigen erfaring at køkultur handlar om: å venta, å venta på tur, å stå på rekke, å følgja reglar, å ikkje følgja reglar/regelbrot, oppførsel, tempo, høfleg adferd, at nokon bestemmer, nokon vert utålmodige, service, har eit formål, deltakarar, tankemønster, ekspedering, effektivt, kjedeleg</i>
<i>Kva punkt tenker du vert vanskeleg eller umogeleg å observera?</i>	<i>Reglar, kven som bestemmer, tankemønster, når folk vert utålmodige, kvifor vi har denne kulturen</i>
<i>Korleis kan du skaffa informasjon om det som ikkje kan observerast??</i>	<i>Spørje, intervju, lese om det, kjeldegransking</i>
<i>Er det nokon av punkta som høyrer saman? (Høyrer til same kategori?)</i>	<i>Adferd: Tempo, rytme, høflegheit, oppførsel, ekspedering System: Reglar, regelbrot, stå på rekke, at nokon bestemmer Tid: Venting, ta tur, tempo, effektivt, rytme etc.</i>

Før observasjon fekk elevane også innføring i forskjellar på observasjon og deltakande observasjon, i rolleteori samt forskningsetikk, som nevnt.

Sjølve feltarbeidet

Alle måtte observera minst 15 minuttar, samt ta feltnotatar med **kategoriane** ovanfor kun som hjelpepunkt siste gongen. Elevane fekk tips om at studiet kunne utvidast ved å samanlikna minst to ulike typar køar til, til dømes bilkø og busskø. For vår del noterte vi dette ned etter minne for å spara tid, og med komparasjon som formål.

Produksjon og tolkning av data

1) «Funn» frå feltarbeidet vart oppsummerte på tavla (Vedlegg 4). Elevane fekk her trening i å etablere analytiske kategoriar til vidare bearbeiding av stoffet.

2) Elevane foreslo sjølve kategoriane (raudt i figur 1 nedanfor) dei ville gruppera under, omgrep dei måtte definera tydeleg og vera enige om tydinga av, samt sjekka tydinga av opp mot pensumteori. Døme:



3) Disse «operasjonaliserte» omgrepa (Koretzinsky, 2008:65) avvik, variasjon, sosial adferd, tid, system, subjektive funn osv., vart så 4) knytt til relevant teori ved rask gjennomgang i plenum. 5) Da var det tid for ei byrjande analyse: Elevane fekk samanlikna funna sine med dei hypotesene dei starta ut med, og med relevant teori. (Elevar trur ofte feltarbeidet er «mislukka» om funna ikkje bekreftar hypotesen...).

Byrjande analyse

Å kunna analysere eigne funn er byrjinga på produksjonen av ny innsikt - og spennande arbeid når ein kjenner ein får til noko! Men fyrst må ein auka presisjonen på evna til å kategorisere – og dette treng dei fleste elevar mykje trening i. Vi har i tillegg til «Køkultur»-øvinga her funne fram til eit kjekt kortspel kalla Bargna⁴ som vi nyttar til dette. Spelet går kort sagt ut på at fem-seks grupper med elevar får kvar sin kortstokk og enkle reglar (sjå vedlegg 5), det dei ikkje veit er at alle bord har *ulike* trumfar. Dei sirkulerer mellom borda og ingen har lov til å snakke med kvarandre på noko anna enn teiknspråk eller mimikk! Ein kan

⁴ Sjå spelet her: <https://www.youtube.com/watch?v=j9KMksUIH2Q>

sjølv tenka seg kor temperaturen stig utover i spelet... Det er *samtalen* etterpå, om reaksjonane og måtane ein meistra utfordringane på, som her er det lærerike. Her får ein innsikt i utfordringar ved eit kultur møte der deltakarar ikkje har same kulturelle kodar. Men så det viktigaste: alle reaksjonane vert skrivne på små lappar i stikkordsform, og så må gruppene kvar for seg fysisk ordna desse i sjølvvalgte kategoriar på bordet framom seg (oppsummert i vedlegg 6) : « Jeg merket at jeg ble taus», «vi spilte aldri noe», «vi ga opp» vart kategorisert som «APATISK», - og «Jeg tok andre sine stikk for å vinne» og «Det ble alle mot alle!» vart kategorisert som «KONTRASOSIAL atferd». «Alle gjorde som de ville», «Vi bare lo» og «jeg fattet ingenting» vart kategorisert som «KAOS», osv. Elevane vandrar så mellom borda og ser fort at det ikkje er berre ein måte å ordna empirien på.

TEORETISKE UTFORDRINGAR: Korleis læra mest mogeleg teori - fort?!

Samhandlingsteori er alltid ein fellesnevnar i dette faget, og elevane måtte sjølv lesa seg opp på kvar sine teoretikarar i tillegg til å beherska teorigrunnlaget dei lærer suksessivt ved gjennomgang av lærestoffet parallelt med forskningsarbeidet. Etter gjennomgang av kvart kapittel i boka stoppa vi opp og fann ut kva av det nye stoffet som kunne vera nyttig til dei ulike forskningsprosjekta. Ein kjem likevel til eit punkt der boka ikkje har meir å gje og ein må byrja å leita etter kjekke teoriar som kan fungera som verktøy for det enkelte prosjektet. Sjølv om ein er så heldig å ha med seg både ein norsklærer og ein historielærer i eit tverrfagleg forskningsprosjekt, er ein gjerne aleina om å skulle grave fram alle dei kjekke teoriane innan sosiologi og antropologi, og då til fem, seks ulike forskningstema... Neste utfordring vert å finna nokon som har presentert desse teoriane på eit nivå som elevane kan forstå! Der kan ein fort mista motet. Vi kom fram til eit opplegg som fekk fart i sakene og som gjorde teorilæringa om til ein (kort)leik. Denne modellen vil eg verkeleg tilrå:


Kartlegging av «teoribehov»

A) Fargeanalyse: Dei fyrste nokså frie og famlande feltnotatane og litteratursøka vart skrivne ut i papirformat og lagt på bordet. Med markeringstusjar foretok vi så ei systematisk fargenalyse⁵. Døme: Dei to gruppene som såg på treningskultur fann at kroppspress kan koma både *utanfrå* og *innanfrå*. Alt som tematiserer «innafrå» som tankar, kjensler, kompleks osv., får fargen rosa. Alt som tematiserer «utanfrå», som media og signifikante andre, får fargen blå. Etter mange slike rundar finn gruppene nokre felles tema dei vil samla

⁵ *Frekvensanalyse* kan ein vel kalla dette, men det går vel meir på at ein tel antal gonger eit ord vert brukt – altså meir ei språkanalyse. Vårt verktøy var fagetusjar.

seg rundt. Vi diskuterte så funna i klassesamtalar og laga oversikt på tavla. Vi fann tema som gjekk igjen på tvers av gruppene og dermed også «teoribehovet» (sjå vedlegg 7). Det vart så ein del arbeid for læraren å laga ein kortversjon av desse teoriane, tilrettelagd for vidaregåande nivå.⁶ Men det var her vi kom fram til ei form som vi fann svært effektiv i bruk når jobben fyrst var gjort:

B) Teoriane vart sette opp som kort med kort forklarande tekst på framsida og referansar og etiske problemstillingar der det høver, på baksida. Dømer på slike kort ser ein i vedlegg 8. Korta vart så laminerte i tre eksemplar kvar og brukte på fylgjande måte: som stasjonsundervisning etter tema, som diskusjonsgrunnlag på tvers av gruppene og til å lage tankekart med for kvar gruppe sitt individuelle behov, sjå døme nedanfor (fig.2):



På dette viset var det lett også å danna grupper på tvers av dei seks forskningsgruppene så snart ein såg at at ein hadde felles tema: Når til dømes både «bussgruppe» og «venteromsgruppe» oppdaga at dei kunne bruka korta «kulturelle mellomrom», «pause», «tid» og «taushet» til å utforska den sosiale aktiviteten på sitt felt, fekk vi spennande

⁶ Her hadde det vore kjekt om Holbergprosjektet kunne bistå med ein teoribase av eit eller anna slag...kunsten er å tilrettelegga språket for våre elevar.

komparasjonsøvingar på kjøpet. Dei kunne då gå tilbake til materialet med eit nytt og utvida perspektiv.

EVALUERING – lærar og elev

Elevane får tidleg opplyst kva delmål som gjeld for perioden og at det er desse dei vert målte på. Delmåla er eit aktivt dokument og vert evaluert av meg og elevane sjølve kvar undervisningsveke. Elevane skal som ei skjerpande øving vera med å utforma eigne eksamensoppgåver til slutt. *For læraren si evaluering sjå Vedlegg 9.*

Evaluering skjer på bakgrunn av forprosjekt, loggar etter feltarbeid, samt sluttrapport, eventuelle filmar, framføringar og anna innlevert elevarbeid. Kor mykje feltarbeid som er nødvendig vil variera med tema og elevane sin adgang til ulike felt som her er relevante, men minimum på tre feltarbeid på 1 – 2 timar og oppfølgande intervjurundar med eit utval av informantar etterpå, er kravet. Helst meir. Dette er heilt avhengig av kor mykje elevane produserer av feltnotatar, og evner til å observera. Men fleire omgangar er nødvendig for å få rom for refleksjonen i mellom dei.

TILBAKEFØRING AV «FUNN» TIL INFORMANTANE

Vi har tidlegare lagt stor vekt på at funna skal tilbakeførast til informantane men også formidlast til andre som har interesse av det. Her skal det nyttast ulike kanalar. Skolen si heimeside har link til prosjektet der alle som deltok i skoleprosjektet, og andre, kan lesa rapportane. Vi har no ute førespurdnader om samarbeid med to kaféar om desse kan vera interesserte i kveldar der vi køyrer «standup- forskarar» som får presentera relevante funn. Ellers skal elevane sjølve koma opp med idear her.

ETTETANKAR

Dette har vore eit spennande arbeid, men etterpåkløkk vil eg seia at prosjekta tematisk nok vart litt vel krevjande for elevane. Læraren ville nok for mykje og pøsa på med for mykje teori. Antakeleg kunne vi klart oss med smalare drøfting ut frå ein meir avgrensa tematikk og med færre vinklingar og perspektiv på temaet. Elevane har jobba som heltar – og ingen har klagt (så læraren har høyrst...). Gleda over å verta trukken ut til deltaking no i finalen, vart av den eine deltakaren uttrykt slik: «Ja, dersom du har trukke meg ut til å få vera med no i siste runde, så treng eg ikkje dei 15000 i premie. Dette er premie nok!»

AVSLUTNING og TAKK

Kva betre avslutning kan ein ha på eit slikt prosjekt enn teksten «Verden blir ny» frå Halcolms «Epistemological Parables» (Patton, 1990: 277-278). Teksten finn du her som etterord. Eg vil avslutta med å takka Lars Klemsdal ved Universitetet i Stavanger for alle støtte og hjelp til både meg sjølv og ikkje minst elevane. Timar med rettleiing og inspirasjon, faglege råd, tålmod og kreative innspel har me deg å takka for. Takk også til Erik Fossåskaret og Turid Rødne ved UiS som har stilt opp på elevane sine mange ivrige utspel, som å vera med dei på feltarbeid på kafe!

Linda Romøren, 26.04.16, Randaberg vidaregåande skole

Litteraturliste

Ehn, Billy og Löfgren, Orvar 2012: *Kulturanalys*.1982. Liber Förlag. Lund.

Ehn, Billy og Löfgren, Orvar 2012: *Kulturanalytiska verktyg*. Forfattarna och Gleerups Utbildning AB.

Fangen, Katrine, 2004: *Deltagende observasjon*. Fagbokforlaget.

Goffman, Erving, 1959: *The Presentation of Self in Everyday Life*. Garden City, NY: Doubleday.

Handgaard, Brynjulf, 2008: *Intervjuteknikk for journalistar*. Gyldendal akademiske.

Nessa, John, 2003: *Medisin og eksistens. Samtale om psykodynamikk i allmedisin*. Gyldendal akademiske.

Patton, Michael Quinn (1990): *Qualitative Evaluation and Research Methods*. Newbury Park: SAGE Publications.

Schiefloe, Per Morten, 2011: *Mennesker og samfunn. Innføring i sosiologisk forståelse*. Utgave 2. Fagbokforlaget.

Thaugland, Calli (1981) : « Galileo Galilie – geni og kjetter».

Wadel, Cato, 1992: *Feltarbeid i egen kultur*. SEEK A/S.

Wadel, Cato, og Fugletsad, Otto, 2011: «Og kven si skuld er det?» *Ein arbeidslaus mann sin kamp for sjølvrespekt og eit verdig liv*. Høyskoleforlaget. Norwegian Academic Press.